



Fylkesmannen i
Hordaland



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



INNOVASJON
NORGE

Inspirasjonskonferanse for 8 kommunar i Midthordland Kvinnherad 2. – 3. juni 2014


Aktive kommunar – Attraktive lokalsamfunn Rapport



Baroniet i Rosendal

LUK – lokalsamfunnsutvikling i Hordaland – partnerskapen; Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Noreg inviterte til inspirasjonskonferanse 2.-3. mai. Ordførarar, rådmenn, sentrale samfunnsplanleggjarar og regionrådsleiing i dei 8 inviterte kommunane: Øygarden, Sund, Fjell, Askøy, Bergen, Os, Samnanger og Fusa var samla i 2 dagar i Rosendal med eitt fokus: Lokal samfunnsutvikling.


Kvinnherad kyrkje i Rosendal – frå år 1255.



Kvinnherad er delt av Hardangerfjorden, og i fjorden ligg Varaldsøy




Ordførar Synnøve Solbakken ønskjer dei 40 deltakarane velkomen – og lunsjen vart servert i Drivhuset på Baroniet



INNLEIINGAR

Tre i partnerskap

På Avlsgarden ved Baroniet i Rosendal ønskte landbruksdirektør Ole Bakkebø velkommen til inspirasjonskonferansen og presenterte målsetjingar og tiltak for den regionale partnerskapen som består av fylkesmann, fylkeskommune og Innovasjon Noreg. Målet med partnerskapen er å gjera det enklare for kommunar og næringsaktørar å få del i verkemiddel og ressursar frå dei tre institusjonane. Han peika og på kor viktig det er at kommunane ved sine representantar møter publikum på «den gode måten». Bakkebø peika på den særlege oppgåva fylkesmannen no har fått med å setja i gong prosessar i neste halvår for at kommunane kan utgreia spørsmål knytt til tenesteleveransar og endra kommunestruktur.



Fylkesmannen får ei sentral rolle i prosessen mot endra kommunestruktur sa landbruksdirektør Ole Bakkebø

Kommuneproposisjonen

Helge André Njåstad, leiar av kommunalkomiteen på Stortinget informerte deltakarane om Kommuneproposisjon 2015. Denne skal handsamast av Stortinget 18. juni, og Njåstad er sjølv saksordførar. Han gav eit tilbakeblikk på lokaldemokratiutviklinga frå inndelinga i skipsreier i vikingtida, via formannskapslovene og til situasjonen i dag. Kommunane sin portefølje er dramatisk auka frå siste kommunerevisjon i 1964. - Dette er eit viktig grunnlag for den sitjande regjeringa si målsetjing om endring av kommunestrukturen, seier Njåstad.



Endring av kommunestruktur

Njåstad viste til prosessen for ca 10 år sidan då endring av kommunestruktur var tema. Då skjedde det ingen ting, – men no vert det endringar, og kommunane må ta ei aktiv rolle for å få til gode løysingar – seier han. Regjeringa si målsetjing er å gjera kommunane mindre sårbare, sikra gode fagmiljø og større evne til å vidareutvikla samfunnet med god tenester og tilbod til innbyggjarar og næringsliv.



Når det gjeld kommunereforma utfordra Njåstad kommuneleiinga: «Vis lokalt leiarskap!» Ei offensiv og aktiv rolle vil dessutan vera økonomisk lønsamt for kommunane minna han om.

Kvinnherad opp og fram

Kjell Odd Nygård, kommunalsjef i Kvinnherad, delte av kommunen sine erfaringar gjennom både oppgangstider og nedgangstider. Kommunen har gjort SSB sine prognosar til skamme; det har vore god vekst i folketalet vest for Folgefonna medan prognosane viste nedgang. Ein aktiv og modig kommune, der det har vore tenkt samfunn og ikkje berre eigen organisasjon er ein av faktorane som vart trekt fram. At kommunen organisatorisk samla planarbeid og samfunnsutvikling vart særleg nemnt som eit godt tiltak.





Framfor det nye kulturhuset vert deltakarane orientert om utviklinga av det komande regionsenteret Husnes



Busstur i Kvinnherad

Med ordførar Synnøve Solbakken som guide vart gruppa tatt med rundt i sentrale delar av kommunen: Rosendal – Uskedalen - Husnes – Sunde – Guddal. Kommunen har eit variert næringsliv, eit omfattande organisasjonsliv og engasjerte innbyggjarar. Husnes er eit komande regionsenter der no 9000 innbyggjar har mindre enn 15 min. reisetid til sentrum. I Husnes er det investert ein mrd., og her føregår no aktiv planlegging og utbygging.


Gøril Guddal tok imot og viste rundt på det nyopna Galleri G Guddal



Baroniet i Rosendal



Freistingane vart store på Galleri G Guddal



Deltakarane på inspirasjonskonferansen fekk ei grundig orientering og omvising på Baroniet i Rosendal av dirketør Anne Grete Honerød. Her var og intim klaverkonsert ved Geir Botnen og middag i Den blå sal – eit uttrykk for målsetjinga Baroniet har om å vera eit anlegg som vert brukt og er til glede for publikum.



Anne Grete Honerød, direktør ved Baroniet fortel litt av historia – og det var middag med «historisk atmosfære» i Den blå sal!

Erfaring og inspirasjon

Gjennom fleire arbeidssekvensar leia av Magne Bjørnerud vart det drøfta kva faktorar som er viktige for god samfunnsutvikling, og korleis ein kan leggja til rette for framtidige gode prosessar i den einskilde kommune, - med god organisering, deltaking og framtidretta samfunnsutvikling.

Informasjon og erfaringsutveksling vart gjort i lokale ved Avlsgarden ved Baroniet



Denne rapporten refererer dei moment og innspel som vart presentert av deltakarane gjennom gruppearbeidet. Nokre moment kan vera i motstrid med kvarandre, men rapporten er meint å vera eit grunnlag for vidare arbeid i kommunane og regionen.

KVIFOR HAR KVINNHERAD FÅTT TIL DET DEI HAR FÅTT TIL?

(Observert av kommunane i Midthordland – gruppearbeid)

Kultur for entreprenørskap/gründerånd

- Jobbar/står på for det dei trur på (kultur). Team/Kondissterke, også i motvind, storm og orkan!
- Fasinerande å besøke Island – marknadsføre kommunen
- Gründerånd
- Visjonær handling: Også ved upopulære prosessar
- Mange eldsjeler
- Framsnakker gode initiativ
- Tru på seg sjølv – godt sjølvbilette
- Ja-kultur – finn alternativ: Hyttenaust
- Gründerkultur innan landbruk, småkraft, Inn på tunet, reiseliv m.m.
- Det er lov å lukkast!
- Stolt

Strategiske val

- Satsar både på sentrum og det særeigne elles
- God lokalkunnskap – spele på lokale krefter
- Offentleg/privat samarbeid gjev resultat
- Prioriterer sentral utvikling
- Godt samarbeid med private aktørar
- Satsing på infrastruktur
- Risikovilje



Deltakarane lyttar etter «få-til-faktorar» når Gøril Guddal orienterer

Erkjenne behovet for endring

- Tru mot planar. Stå-på-vilje
- Utfordrar fylkesmannen - Nasjonale rammevilkår
- Bevisste val og prioriteringar for å få til utvikling
- Omstillingsevne
- Utfordrar handlingsrommet

Alliansebyggjande

- Administrasjon og politikarar er samkjørde i målet
- Slepp til private investorar
- Løftar fram private og frivillige initiativ
- Omfattande OPS

Organisasjonen / Kommunen

- Løysingsorientert kommune - Tørr å prøve
- Infrastruktur
- Tøff ordførar
- Står opp mot bymakta
- God samarbeidskultur mellom politisk og administrativt nivå
- Dyktig og offensiv administrasjon
- Samfunnsutvikling i fokus hjå administrasjon og politikarar
- Ein offensiv administrasjon med stor kraft til å gjennomføre
- Gode rammar med fleksible løysingar
- Vilje til styring > politikarar og administrasjon
- Kunnskap om eigen kommune, region og offentlege støtteordningar
- Samarbeidskultur

Naturgitte gode

- Geografisk lokalisering: tvingar fram skaparvilje og behov for aktivitet
- Gode naturtilhøve - Vårherre har vært raus
- Unik natur og kultur

UTFORDRINGAR OG HINDRINGAR FOR EIGEN SAMFUNNSUTVIKLING SLIK KOMMUNANE I MIDTHORDLAND SER DET

Engasjement og deltaking

- Kollektivt forfall
- Likesæle
- Mangel på svolt
- Mangel på interesse – vere nysgjerrig, lyttande, open, ærleg, inkluderande
- Individualistane kontra felles identitet
- Dårlig klima for kreativitet og nyskaping
- Ansvarsfråskrivning
- Manglande forståing for fellesskapet

Politiske haldningar og føringar

- Ulik agenda mellom politikarar og administrasjon
- Mangel på tydeleg retning – kva, kvifor og korleis?
- Er alt like viktig?
- Ting tek tid – vanskeleg å halde oppe engasjementet
- Manglande politisk samhandling på høgt nivå
- Mediestyrte politikarar
- Manglande samsvar mellom det administrasjonen og innbyggjarane ønskjer, og realitetane på politisk plan
- Politisk miljø kontra fagmiljø – manglande respekt for fagmiljøa

Leiing

- Manglande vilje til å jobbe mot felles mål
- Ting tar for lang tid



Stig Ryland presenterer utfordringar i ein av kommunane; Askøy

- Stadige omkampar
- Byråkrati hindrar handlekraft
- Mangel på samhandling mellom fagavdelingar, og mellom politikk/administrasjon
- Mangel på løysingsvilje – sjå mogelegheiter i staden for avgrensingar
- Uklar ansvarsfordeling i kommuneorganisasjonen på utviklingsoppgåver
- Dårlige slutførarar
- Endringsvegving
- Ikkje «bruke» vedtekne planar
- Lite vilje til endring. Døme: skulestruktur og ferjeleie
- Ikkje nytte tidlegare erfaring

Økonomi og ressursar

- Kamp om rett og god kompetanse
- Mangel på infrastruktur
- Lavt utdanningsnivå – manglande gründerånd
- Ressursmangel – kroner og folk
- Ulik forståing for økonomisk situasjon

Kommunikasjon / dialog

- Mangel på tid til refleksjon, fordjuping og oppfølging
- Uklar kommunikasjon og mål
- Mistru i mange retningar
- Manglande kommunikasjon og samhandling

Omdøme

- Bygdadyret
- Det gode liv (manglande tilrettelegging)

Rammevilkår

- Rusproblem i sentrum
- Freding av bygningsmasse (Hansaby)
- Vanskeleg limbosituasjon i høve til kommunesamanslåing eller ikkje



Landbruksdirektør Ole Bakkebø, i samtale med Karin Thauland og Ole Andreas Smette etter innlegget sitt



Jorun Gjørwad ønsker velkommen til Baroniet og Drivhuset



Etter rundtur og innlegg frå Kvinnherad kommune sorterer deltakarane ut faktorar som har vore viktige for resultatene kommunen har oppnådd



Ordførar Eli Årdal Berland og dei andre i gruppene er fokusert for å analysere dei gode erfaringar



POSITIVE EIGNE FØRESETNADER I FORHOLD TIL UTVIKLING AV ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN

Motivasjon og deltaking

- Ivaretaking av lokale initiativ
- Kort veg frå ide til realisering
- Rom for nytenking
- Det gode liv lar seg leva i kommunen vår
- Stor skaparglede
- Glade, positive og engasjerte folk som ønskjer lokalsamfunnsutvikling
- Mange frivillige lag og organisasjonar som deltek i lokalsamfunnsutvikling
- Frivillig arbeid – eldsjeler

Økonomi og ressursar

- Moderne bygg og tenester
- Økonomisk handlingsrom
- Regionens navle
- Langsiktig storindustri
- Attraktivt næringsliv – global marknad
- God tilrettelegging for næringsutvikling
- Framvekst av gründerar
- Nærleik til Bergen
- Naturskattar
- Ressursar i natur og friluft
- Sterkt og mangfaldig næringsliv
- Sterke utdannings- og kunnskapsmiljø

Politikk og haldningar

- Reel politisk vilje til forbetringar
- Naturleg å tenkje innovasjon
- Vidareutvikling
- Tenkja høgt og stort
- Ærleg på utfordringar
- Næringsvennleg
- Grunderånd
- Vilje til vekst

Organisasjon og leiing

- Leiarkraft med visjonar
- Framoverlent administrasjon og politisk leiing
- Vi har handa på rattet – Sterkt ønskje om å ta kontroll
- Engasjerte, kompetente og hardtarbeidande fagfolk
- Godt plan- og styringssystem
- 100 leiarar med coaching-utdanning
- Effektiv kommunal administrasjon
- Snur oss raskt
- Kreativitet

Tenestetilbod

- Mykje spisskompetanse
- Psykiatri, kreftomsorg osv.
- Auka fokus på folkehelse, folkehelse i alle avdelingar
- Kommunen på langs
- Gode kommunale tenester
- Riktig kulturliv – flotte kulturelle institusjonar

Kommunikasjon og dialog

- Samspel mellom det offentlege og private
- Gode naboar
- Utviklar gode prosessar for samskaping mellom politikk og administrasjon

Omdøme

- Vekstkommune – kommunen er attraktiv!
- Kvalitet

Alléen til Baroniet kan symbolisera langsiktig planlegging



KVA SKAL LØFTA OSS?

Øygarden:

Alexander Dale Oen: Alt er mogeleg!

- Øygarden skal skina
- Øygarden skal ha eit mangfaldig fritidstilbod
- Øygarden skal ha tenesteutvikling der folk bur
- Øygarden skal satsa på kompetanse og næringsutvikling
- Øygarden frir til Fjell og Sund!

Os

Os Inspirerer - Framtidas merksemd

- Vidareutvikle rommet mellom politikk og administrasjon
- Framleis tru på det å tenkje høgt og stort
- Ta vare på det beste i møte med ny tid
- Frå bygd til BYBYGD (mentalt og fysisk)
- Osøyro som eit attraktivt og levande sentrum

Fusa:

Fusa – midt i blinken

- Positiv marknadsføring av Fusa
- Idrettshall
- Sentrumsplan for Leiro (?)
- Arealplan som løftar Fusa
- Meir sjølvskryt
-Fortelja dei gode historiane

Samnanger:

Realisera områdeplan Bjørkheim

- Designa gode prosessar
- Politisk forankring av neste løft
- Laga ein organisasjon til å gjennomføra og slutføra prosjektet
- Inkludera og engasjera innbyggjarane
- Vera i dialog med fylkeskommunen og diverse statlege myndigheiter (Tilskot)

Askøy:

Vårt neste løft på Askøy

- Bli einige om felles mål og retning i samfunnsdelen
- Bruke kommunikasjon som et effektivt verktøy i alt vi gjør!
- Bli gode på samhandling gjennom å bruke vår nye visjon og nye verdier aktivt i hverdagen!
- Skape fleire arenaer der det er naturleg å dele kunnskap og erfaringer med hverandre!
- Gjøre innbyggere og næringsliv til våre beste ambassadører!

Fjell:

Kva skal løfte oss i Fjell kommune!

- Sykkelstrategi og sykkelglede
- Frivillig – portal
- -Koordinere behov og tilbod.
- Bærekraftig «byutvikling»
- Bybane på sjø «Sjøbanen» (på el-kraft)


Kvinnherad

- God økonomistyring
- Samferdsle
- Fokus på næringsaktivitet
- Avslutta skulestrukturdebatt
- Få fleire sjukeheimsplassar
-Rosendal

Bergen

«Det er den draumen»

- Ny havn og ny godsterminal
- Valg av bybanetrase til Åsane
- Ny Sotrabro + E 39
- Gjennomføring av skolebruksplan
- Trøkk på gjennomføring av vedtatte planer
-bro over Damsgårdssundet



DELTAKARLISTE

Kommune	Namn	Stilling
Fusa	Hans S. Vindenes	Ordførar
Fusa	Berit Fløysand	Rådmann
Fusa	Terje Raunsgard	Einingsleiar
Fusa	Erik Vangsnes	Kulturleiar
Samnanger	Marit Aase	Ordførar
Samnanger	Tone Ramsli	Rådmann
Samnanger	Hilde-Lill Våge	Ass. Rådmann
Samnanger	Meline Heimdal Haugland	Folkehelsekoordinator/Kulturkonsulent
Fjell	Eli Årdal Berland	Ordførar
Fjell	Berit Karin Rystad	Plansjef
Fjell	Tove Helland	Sosialsjef
Fjell	Lennart Fjell	Kultursjef
Askøy	Odd Magne Utkilen	Rådmann
Askøy	Synne Guldberg	Planlegger
Askøy	Stig Ryland	Kommunikasjons- og næringsssjef
Øygarden	Otto Harkestad	Ordførar
Øygarden	Siri Fahlvik Pettersen	Rådmann
Øygarden	Åse Vik	Kommunalsjef
Øygarden	Øyvind Strandheim	Kommunalsjef
Sund	Nils Kåre Skoge	Ordførar
Sund	Stig Arne Thuen	Rådmann
Sund	Liv Margareth Østervold	Kommunalsjef
Gode Sirklar	Sigmund Kvernes	Dagleg leiar
Fusa, Os , Samnanger og Tysnes	Øystein Svalheim	Landbrukssjef
Os	Paul J. Manger	Ass. Rådmann
Os	Aina Tjoås	Plan- og utviklingssjef
Os	Asle J. Andaas	Plansjef
Bergen	Mary A. Økland	Programleder for områdesatsingen
Bergen	Elin Sjødin Drange	Næringsssjef
FMLA	Ole Bakkebø	Landbruksdirektør
Innovasjon Norge	Ole-Andreas Smette	Avdelingsleder
Hfk	Mette Nora Sætre	Næringsssjef, Næringsseksjonen
Hfk	Jorun Gjørwad	LUK-koordinator, Næringsseksjonen
Hfk	Per Nordmark	Seniorrådgjevar, Planseksjonen
Magne Bjørnerud AS	Magne Bjørnerud	Prosessleiar
Kvinnherad	Synnøve Solbakken	Ordførar
Kvinnherad	Kjell Odd Nygård	Kommunalsjef
Kvinnherad	Karin Thauland	Rådgivar, Næring
Kvinnherad	Silvia Tofte	Næringservice
Stortinget	Helge Andre Njåstad	Leder i Kommunal og forvaltningskomiteen

Rapporten er skriven av Jorun Gjørwad og Per Nordmark
Alle foto: Per Nordmark



Takk –
og farvel til
Rosendal og
Kvinnherad

